

*VELKOMNE TIL ÅRSMØTE*

*2024*

*ÅRSMELDING FOR VJFL*



## **Årsmøte Voss Jeger- og Fiskarlag 2024.**

Årsmøte vert helde hjå Smalahovetunet den 28. februar, kl. 18:00

### **Saksliste:**

1. Val av ordstyrar, referent og tellekorps.
2. Val av to medlemmer til å underteikna protokollen.
3. Godkjenning av innkalling til årsmøte.  
(Hordaland Lørdag 24. januar, Portalen til NJFF/VJFL, FB)
4. Årsmelding frå siste arbeidsår.
5. Rekneskapen for siste arbeidsåret.
6. Val.
  - a. Val av styre og utval.
  - b. Val av valkomite på tre medlemmer.
  - c. Val av revisor(er).
  - d. Eventuell utnevning av æresmedlemmer.
7. Medlemskontingent. ( Høg, middels, lav)
8. Innkomne framlegg/saker. (Ingen innmeldte saker)
  - a. Forberede 100-års jubileum til VJFL 2029. Sette av 25.000 kr.
9. Årsmøte avslutta.

### **Styret har i 2024 bestått av:**

Leiar:	Jan Chr. Jersin
Nestleiar:	Geir Johansen
Kasserar:	Odd Henry Hommedal
Studieleiar:	Cato Vivås
Kvinnekontakt:	Turid Soldal

Skrivar:	Bente Fenne
Leiar jaktutvalet:	Håvard Lien
Leiar fiskeutvalet:	Magnar Dale
Leiar skytebane:	Jan Chr. Jersin
Leiar barne- og ungdomsutvalet:	Elizabeth Gjerstad

#### Styreleiar:

Styret har vert samla til 2 styremøte i 2024. Men det har også vert mykje dialog som går via e-post og telefon. Laget har no 410 aktive medlemmer, og 1.5K følgjarar på Facebook. Det var dårleg med is i vinter, så det vart ikkje lagsmesterskap i isfiske, men sommarfiske gjekk sin gang. Klekkeriet går ei uviss tid i møte der forvaltninga seier at dei vil legga ned drifta, men vil ha fasilitetane. Det har vert eit bra oppmøte på skytebanen i år og. Me venter endå på tippemidlar etter siste prosjekt. Laget har fornja leigeavtalen på rypejakta i Holmen. Det har vert eigarskifte på bruket, Mykkeltveit. Dette er området der me har opplæringsjakt på hjort. Det vil nok medføre noko endringar for laget. Jegerprøvekurs er ein godt kurs, og der ser me at nye jegerar kjem på skytebanen for å trena, og forbereder seg til haustjakta.

#### Saker styret har jobba med:

- \* Fornya jaktavtale på Lundarholmen.
- \* Vedlikehold på lygarloftet.
- \*Vedlikehold på skytebanen.
- \*Oppdatert heimesida vår på den nye portalen til NJFF.

## Årsmelding fiskeutvalet frå året 2024

Det har ikkje vore så stor aktivitet i fiskeutvalet siste året.


10. august arrangerte laget barnas dag, og som vanleg heldt me til på stranda ved Nesthus. Vergudane var ikkje på vår side denne helga. Vangsvatnet steig nesten 2 meter, og det var ikkje råd å setja garn. Veret lyst vel ta skulda for at oppmøtet ikkje var det beste. Det var ymse leikar og grilling. Pilkast og premier til alle.





Utsetjing av 115 000 lakseyngel i Strandavassdraget og Raundalsvassdraget.





Lagsbåten ligg fortsatt i Sendedalen, og blir brukt til oppfisking og fisking i vatna.

Leiar fiskeutval

et

Magnar Dale

# Årsmelding for styret for Stiftelsen Voss Klekkeri 2024

Me har siste året delteke i fylgjande aktivitetar for Voss Klekkeri:

- Utførelse av helgevakter i periodar med rogn eller levande yngel i klekkeriet. Dvs torsdag – mandag, med alarmtlf i yngelperiodar.
- Møteverksemd, med styre og fiskeforvaltinga.
- Arbeid med å sikra klekkeridrifta og kultiveringsarbeidet for Vossalaksen.
- Me var med på rognplanting og utsetjing av startfora setjefisk i Stranda- og Raundalselva våren -24. Det vart planta 120 000 rogn og sett ut 60 000 setjefisk i Strandaelva. Og 115 000 rogn og 50 000 setjefisk i Raundalselva og Istadbekken.
- Samarbeid med klekkeriet om stamfiske hausten -24. Lågaste antall nokon sinne:
  - 5 stk villaks
  - 1 stk kultivert laks
  - 2 stk oppdrettslaks2 hoer og to hannar vart strokne i klekkeriet. Levande Genbank fekk henta naudsynt materiale frå desse. Resten ligg no i klekkeriet, og skal plantast i øvre vassdrag til våren.
- Undersøkingar etter stamfisk i Rognsfossen og utløpet av kraftstasjonen gav ingen stamfisk. Har aldri forekome tidlegare.
- Til info, frå overvåkingsfiske sumaren -24:

	Villaks	Oppdrett	Snittvekt
Bolstadelva:	5	0	5,3 kg
Vosso:	3	1	4,7 kg
<u>Sum:</u>	<u>8</u>	<u>1</u>	
Notfiske (E.N.Straume)	16	3	

## Kommentar til info:

Klekkeri styret har sendt melding til fiskeforvaltinga om at det ikkje er tilgjengeleg midlar lenger for drift av klekkeriet. Me får heller ikkje tildelt meir arbeidsoppgåver. Styret har bede om ei avklaring på om det skal vera klekkeridrift her eller ikkje. Foreløpig svar er at klekkeridrifta skal nedleggjast.

Men me godtek ikkje dette heilt som endeleg vedtak. Me diskuterer i styret kva som vert framtida. Vert lagt fram for fyrstkomande årsmøte.

Voss, 13.02.25

Klekkeriutvalet.

Ole Kristian Skorve

## Rapport frå studieleiar frå året 2024

Året 2024 vart det arrangert to jegerprøvekurs, eitt i april og eitt i mai. Desse kursa hadde me på Voss ungdomsskule. Underteikna var instruktør åleine på begge kursa. På det fyrste kurset var det 34 deltarar, og blant desse 11 damer. På kurset i mai var det 10 deltarar, og her var det 2 damer. Det var mange påmelde i mai, men grunna blant anna konfirmasjonar vart det mange avmeldingar .

Kursa går over to helger, og siste laurdagen er det praktiske øvingar med blant anna skyting. Då er det kjekt at me har trygge og gode standplassleiarar som hjelper oss. Dei hjelper til og passar på, slik at skyteopplevinga vert kjekk for alle.

Siste kursdag er tema: Behandling av felt vilt. Då fekk kandidatane flå rype, skjere ut hjarte og brystfiletar, og så steikte me det på stormkjøkken.



Me har eit veldig godt samarbeid med Ingmar Slettemark, som er Voss herad sin representant for jegerprøve-eksamen. Han er ein god støttespelar og har ansvar for eksamen. Eg må også nemna det gode samarbeidet med kasserar Odd Hommedal.

### Mange som tek

jegerprøvekurs hjå oss vert medlemmar i VJFL. Dei kan då bruke det flotte anlegget vårt på Skjerve til reduserte prisar og bli aktive medlemmar. Det er viktig at me brukar tid på dei nye, medlem eller ikkje medlem, og tek dei godt imot. Dette er ein ypparleg måte å rekruttere nye medlemmar til laget. Me er eit stort lag, og det krev mange aktive medlemmar for å drifte alt.



Studieleiar Cato Vivås

# Årsmelding hundegruppa frå året 2024

Denne sesongen har me gjennomførte to aversjonskurs.

NJFF har nå utvikla ei digital løysing for registrering av aversjonsdressur, så her vil det bli satt opp kurs for instruktørar.

Torbjørn Søgaard tok seg av kortsal av rypejakt i Holmen.

## Jaktdagar Holmen 2024

**Totalt Jaktdager: 14**

**Totalt skutt: 1 rype**

**Totalt sett: 39 ryper. 3 orrfugl, 1 røy**



## Årsmelding skytebanen frå året 2024

Før skytebanen opna, måtte me ha stordugnad får å setta anlegget i stand. Nytt dekke over groa, fiksa kulefang var 1.pri. Me fekk god hjelp av Johannes Gjerstad med å rake saman stein, slik at me kunne plukka på lettast måte.



Leif Bjørn Grindedal har fått satt opp tak over skivene slik at dei står tørt.





Dugnadsutvalet er godt i gang med motorsaga, for å lage klar bane til kulefanga.



Me har jobba med å skaffe fleire/fornya sponsoravtaler. Dette kjem godt med på drifta av anlegget. Gjennomføring av stevne og lagsmesterskap har gått smertefritt. Har også hatt skyting med Voss VGS, og hjelpt til under jegerprøvekurset.

Lagsmesterskap i jaktfeltskyting blei gjennomført den 21. august.

**Junior**

1pl. Eirik B. Opheim 9/2

**Menn Veteran**

1pl. Jan Skorve 13/5

2pl. Dagfinn Gjerme 7/3

**Damer senior**

1pl. Kristin Lindvik 14/9

2pl. Sara Gjerstad 13/6

3pl. Kristense Grønsberg

**Menn senior**

1pl. Morten Håklau 20/16

2pl. Johannes Gjerstad 19/11

3pl. Ådne Lindvik 18/13

4pl. Øystein Tesdal 18/11

5pl. Ruben Trohaug 17/9

6pl. Kjetil Kvarmestøl 16/10

7pl. Leif Bjørn Grindedal 14/5



Gratulerer til LAGSMESTERANE 🙌 Morten Håklau, Kristin Lindvik og Jan Skorve.



**Lagsmesterskap i elgbaneskyting blei gjennomført den 15. august.**

Lagsmester i Elgbaneskyting vart:

1. Martin Rønningen

2. Trond Gjernes

3. Morten Håklau

4. Jan Chr. Jersin

Veteran

1. Jan Skorve

Dame:

1. Sara Gjerstad

Gratulerer så mykje. 🥇🥈🥉🥉





**Lagsmesterskap i jegertrap og Compak blei gjennomført den 14. august.**

Lagsmeister Jegertrap Trond Johansen 47. Han vann og veteranklassen.  
Vinner senior Jon T. Veka 46, nr 2 blei Kjartan Saue 46. Gratulerer.

Lagsmeister Compact. Halvard Lie 41. Han vann seniorklassen, nr 2 blei  
Kjartan Saue med 39. Vinner av veteranklassen Geir Johansen 32.  
Gratulerer.



## 100-skuddsstevne gjekk av stabelen 8. Juni.

Stevnevinner Bjarte Linga Samnanger 94 treff. Trond Johansen Voss Jfl vann kl E 1 med 92 treff. Ellers må nevnast vinner i kl E2 Sverre Kråkenes med 82 treff. 93 år gamle Sverre er fortsatt aktiv skytter. Fantastisk. Her bilde av premie vinneren.



Skytebaneleiar, Jan Christian Jersin.

## Årsmelding 2024, Kvinneutvalet frå året 2024



### Leirdueskyting

Kvinneutvalet har hatt ein dag med leirdueskyting i vår.

27. mai møtte 11 damer opp på Skjerve skytebane.

Det var både nybyrarar og meir erfarne skyttarar som var med.

Me hadde litt instruksjon for dei som ynskte det, før me starta opp.

Det var mykje god skyting og god stemning.

Takk til Bente Fenne som alltid stiller opp som skytebaneleiar på damene sin skytedag.

Turid Soldal, kvinnekontakt



## Årsmelding frå jaktutvalet frå året 2024

### Hjortejakt på Mykkeltveit 2024

Det har også dette året vert opplæringsjakt i terrenget på Mykkeltveit. Tilbodet blei annonsert via jegerprøvekursa, gjennom vår nettside og FB. Det var tre deltarar som meldte si interesse. I år har det vert med 3 stykk jegerar på opplæringsjakt. Der den eine av desse var den nye grunneigaren på Mykkeltveit. I år starta me med eit møte der me gjekk igjennom blant anna, sikkerheit ved jakt, gjennomgang av kart over terrenget me skulle jakta i, og korleis jakta er planlagt gjennomført.

Opplæringsjakta blei oppsett på 4 helger. Opplæringsjakta har vert organisert på lik linje som dei førre åra, der 2 erfarne jegerar har vert med på jakta kvar helg. Jaktdagane har vert løyst på forskjellige måtar, postrekker med jaging, og smygjakt.

Fyrste helga blei det felt ein bukk ved Mykkeltveit stølen, her var det Fredrik, opplæringsjeger, som var heldig og fekk den på posten sin. Kjekt at det lykkast for han å få felt ein flott bukk. Her fekk alle kjent på tyngda til eit slikt dyr når det skal fraktast ut av terrenget. Slaktinga blei gjort på Hernes hjå Mads Stavrum.

Med oss til å gjennomføra opplæringsjakta hadde me : Jan Michael Rolland, Jan Egil Brunborg, Nils Hirth, James Orford, Morten Hårklaau, Cato Vivås og Håvard Lien.

**Tusen takk for dekans bidrag, utan denne hjelpa... ingen opplæringsjakt.**

### **Jakttid**

2.september til 31. Januar

### **Tildelt dyr**

Mykkeltveit jaktfelt hadde hausten 2024 rett til å fella:

1 bukk, 1 kolle, 1 spissbukk, 2 ungdyr, og kalv fri avskyting.

### **Organisering av jakt**

Det blei satt opp samjakt kvar helg i perioden 7. sep. til 29.sep. der me hadde opplæringsjakt, og alle deltok etter avtalt opplegg. Terrenget fekk «kvila» i vekedagane.

Etter 1.okt. kunne ein jakta sjølvstendig alle dagar, samt fleire jegerar kunne melde si interesse. Nye jegerar betaler før jaktstart. Her var det ingen som nytta seg av dette tilbodet.

Etter 1. des. opna jakta opp for fleire jegerar viss det gjenstod dyr. I år var det dyr igjen på kvoten. Dette for å sikre at kvote blei fullt. Her var det ingen som nytta seg av dette tilbodet.

Totalt blei det

-jakta 55 dagar


-15 dyr blei observert

### **Fordeling kjøtt**

Det blei felt 2 dyr, 1 vaksen bukk og 1 spissbukk

Begge fellingsane blei gjort av Fredrik som er ein av grunneigarane. Avtalen i år var slik at dei dyra som han skaut vil tilfalla han, inntil 2 dyr.

Ettersom det ikkje blei felt fleire dyr blei det ikkje fordelt kjøtt til ei andre jegerane som deltok på Mykkeltveit.



# Årsmelding Ungdomsutvalet frå året 2024

## 5. Rekneskap frå siste arbeidsår.



Skjerve Balanse  
2024.pdf



Skjerve Resultat  
2024.pdf



VJF Balanse 2024.pdf VJF Resultat 2024.pdf VJF Revisjonsrapport  
2024.pdf



## 6. Val av styret

- Val av styre og utval.
- Valg av valgkomite på tre medlemmer.
- Eventuell utnevning av æresmedlemmer.

## 7. Medlemskontingent

Følgende kontingentsatser gjelder fra 2025:

Kategori	Sentralt	Region	Forening	Totalt
Hovedmedlemskap med Jakt & Fiske – lav	699	105	56	860
Hovedmedlemskap med Jakt & Fiske – middels	699	105	151	955
Hovedmedlemskap med Jakt & Fiske – høy	699	105	251	1055
Barne- og ungdomsmedlemskap med Jakt & Fiske	361	58	61	480
Barne- og ungdomsmedlemskap uten Jakt & Fiske	207	59	64	330
Pensjonist/uføremedlemskap med Jakt & Fiske	503	100	62	665
Ektfelle/samboermedlemskap uten Jakt & Fiske	215	94	61	370
Sidemedlemskap uten Jakt & Fiske	214	27	229	470
Æresmedlemskap	363			363
Direktemedlemskap med Jakt & Fiske	949			949
Familiemedlemskap	922	136	262	1320

## **8. Innkomne saker**

- a. Forberede 100-års jubileum til VJFL 2029. Sett av 25.000 kr.
- b. Digitalisere eldre filmruller frå laksefiske i Vosso.

## **9. Årsmøtet avslutta**



**Æresmedlem**

**Geir Johansen**

**16.02.2024**

